

	VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I ÅL Vedteken av kommunestyret sak 18/04. Endra i SUO sak 3/06, sak 28/07, sak 15/08, sak 05/09, sak 03/10 og sak 28/10. Endra i SUKO, sak 11/13, § 14 er endra i samsvar med Kommunestyrevedtak, sak 13/13. Endra i Kommunestyret, sak 70/13 og sak 73/14. Endra i SUKO, sak qq og 39/16. Endra i SUKO sak 14/2023. Endra i SUKO sak 10/2026.
§ 1 EIGAR	Ål kommune er eigar av barnehagane.
§ 2 FORVALTNING	Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar (heretter barnehagelova) og dei forskrifter og retningslinjer departementet til ei kvar tid fastset for barnehagedrift. Likeeins i samsvar med kommunale vedtak og planverk for den einskilte barnehage. Sektorutvalet for oppvekst (SUO) er politisk fagutval for barnehagane i kommunen. Endring av vedtektene for dei kommunale barnehagane kan vedtakast av SUO. Større endringar og prinsipielle endringar skal leggjast fram for kommunestyret.
§ 3 FORMÅL OG INNHALD	Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Dei skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartronge. I tillegg skal dei utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Barna skal samtidig ha rett til medverknad, tilpassa alder og føresetnader, jf. Lov om barnehagar § 1. Barnehagen skal vere ein pedagogisk verksemd. Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalet for kvar barnehage fastsetje årsplan for den pedagogiske verksemda, jf. Lov om barnehagar § 2. Barnehagen forventar at foreldre/føresette møter til foreldresamtalar og elles tek del i andre aktivitetar som det vert lagt til rette for.
§ 4 FORELDRERÅD, SAMARBEIDS- UTVAL	Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU), jf. Lov om barnehagar § 4. SU skal bestå av fylgjande medlemmer: to representantar frå foreldra, to representantar frå dei tilsette, ein representant frå eigar.
§ 5 GODKJENNING	Alle barnehagane er godkjent for barn i alderen 0 - 6 år. Arealnormene for leike- og opphaldsareal er 4 m2 pr. barn over 3 år og 5,5 m2 pr. barn under 3 år. Uteområdet skal vere seks gonger leike- og opphaldsarealet inne. Krava er å sjå på som minimumskrav. Administrasjonen vurderer ved kvart opptak den praktiske arealutnyttinga. Omsynet til t.d. barn med funksjonshemming og antal barn over og under 3 år skal vera med i ei slik vurdering.
§ 6	Barnehagane skal drivast som heildagsbarnehagar 5 dagar i veka. Opningstida er frå

ÅPNINGSTID	kl 07.00-17.00, men kan ved redusert behov vere kortare.
§ 7 PLASSTILBOD	Det skal gjevast fylgjande tilbod om plass i dei kommunale barnehagane: - foreldra kan velja mellom 3, 4 eller 5 dagar pr. veke - det må veljast faste dagar for heile året - opptaket vert gjort etter gjeldande inntakskriterium (jf. § 11) - styrar avgjer om det skal gjevast tilbod om kjøp eller byte av enkeltdagar
§ 8 OPPTAKSMYNDE	Opptaket skal handsamast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Avgjerdsrett som gjeld opptak av barn til barnehagane er delegert til kommunalsjef for oppvekst. SUKO v/ vald klagemnd er klageinstans ved hovudopptak.
§ 9 SØKNAD OM BARNEHAGE- PLASS	Det vert nytta elektronisk søknad i samband med søknad om barnehageplass. Fristen for å søkje om barnehageplass i samband med hovudopptaket er 1. mars, etter kunngjering i lokalpressa i februar månad. Det kan også søkjast om plass elles i året. Då vert plassar tildelt fortløpande etter venteliste. Plassar som skal takast i bruk etter at barnehageåret har starta opp, skal tildelast inntil to månader før den skal takst i bruk.
§ 10 BARNEHAGE- ÅR	Barnehageåret er eitt kalenderår og vert rekna frå skulestart i august. I samband med oppstart av det nye barnehageåret, må plassen for nye søkjarar takast i bruk innan utgangen av august. Barnehageplassen vert automatisk sagt opp når barnet byrjar på skulen.
§ 11 OPPTAKS- KRITERIUM	Opptaket skal handsamast i samsvar med gjeldande rutinar, lover og forskrifter. Jf. Lov om barnehagar § 16 har kommunen plikt til å gje tilbod om barnehageplass til barn under opplæringspliktig alder og som er busett i kommunen. Dei som søkjer barnehageplass må vere busett i kommunen innan barnehageplassen vert teke i bruk. Fylgjande kriterium skal leggjast til grunn ved opptak av barn til barnehageplass etter slik prioritet: - Barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er gjort vedtak om etter Lov om barnevernsteneste §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, jf Lov om barnehagar § 18. Det er krav om sakkunnig vurdering i høve nedsett funksjonsevne. - Barn med spesielle behov for stimulering og miljøforandring og barn med spesielle behov for tilsyn grunna sjukdom. Begge tilhøve krev skriftleg uttale frå fagperson. - Barn som er tildelt barnehageplass har rett til same tilbod påfølgjande år og vert ved ledig kapasitet prioritert ved søknad om endring av dagval/plassstorleik i same barnehage. - Barn som fyller eitt år innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har rett på plass frå august når det vert søkt innan fristen til hovudopptaket. Barn som fyller eitt år i september, oktober og november har rett på barnehageplass frå den månaden dei fyller eitt år. Det må søkjast om plass i hovudopptaket. - Nye barn skal takast inn etter alder slik at dei eldste vert prioriterte. Ved fordeling av plassane til barna skal ein ved val av barnehage legge vekt på: - Foreldra sin prioritering av barnehage. - Nokolunde lik fordeling når det gjeld barn teke inn etter kriterium 1 og 2.

	- Barn som allereie har sysken med tildelt plass, skal prioriterast til plass i same barnehage når det er ledig kapasitet. - Hensiktsmessig samansetting av barnegruppene. - Alle barnehagane, avhengig av godkjenning, skal ha grupper for barn under tre år og barn over tre år.
§ 12 OPPSEIING	Oppseiing av barnehageplass, også delar av ein plass, skal skje med ein månad varsel. Oppseiinga må vere skriftleg og vert rekna frå den 1. i månaden etter at oppseiinga er motteken. Det er ikkje høve til å seie opp ein plass innafor eit barnehageår etter 1. april. Plassen må seiast opp før 1. april og barnet må takast ut før 1. mai. Skulestartarar kan slutte 1. august dersom plassen vert sagt opp innan 1. mai. Ved flytting eller dersom plassen kan tildelast andre søkjarar, har administrasjonen høve til å vurdere oppseiinga i kvart einskild tilfelle.
§ 13 BETALING	Sats for foreldrebetaling vert fastsett av kommunestyret etter gjeldande lover og forskrifter. Mat i barnehagen skal vere sjølvfinansiert og kjem i tillegg til sats for foreldrebetaling. Det vert sendt rekning for 11 månader. Juli er betalingsfri månad. Ein føreset at alle barn skal vere ute av barnehagen i minst 4 heile veker i løpet av året. Ved manglande foreldrebetaling i meir enn 2 månader, vert det sendt varsel om oppseiing av plassen. Føresette som gjentatte gonger ikkje hentar sine barn til rett tid, må etter ein skriftleg advarsel betale ein fastsett sats pr. påbegynt ½ time ved for sein henting.
§ 14 FERIE	1. Føresette må melde inn ferien til barn innan 1. april 2026. 2. Barnehagar med mindre en 6 påmeldte plassar blir stengt. Dei påmeldte barna vil få tilbod i ein anna barnehage i Ål kommune. 3. Barnehagar med mindre en 12 påmeldte plassar reduserer opningstida frå 9 til 8 timar, med ei opningstid frå 08.00 til 16.00. 4. Alle barn skal ha minimum 4 veker ferie i løpet av eit barnehageår jf. ein betalingsfri månad kvart år, der 3 av vekene skal vera samanhengande i perioden 01.06-30.08. Barnehagen er stengt mellom jul og nyttår og mellom palmesundag og skjærtorsdag i påskeveka. Dette utgjer ei av dei fire ferievekene barna er pålagt å ha. Barnehagen er også stengt i veke 29 og 30. Påmelding til sommarbarnehage er bindande, og ein kan berre nytte tilbodet dei dagane ein er påmeldt. For skulestartarar som har sagt opp plassen til 1. august, må dei 4 ferievekene ha blitt tatt ut før 1. august, for å ikkje måtte betale for dei.
§ 15 PLANLEGGINGS- DAGAR	Barnehagane har 5 planleggingsdagar i året. På desse dagane har barnehagane stengt. Kvar barnehage avgjer dato for dagane, og bør så langt det er råd, leggje dei til skulane sine planleggingsdagar. Foreldra skal informerast i god tid.
§ 16	

NYNORSK	Nynorsk målform skal, så langt råd er, nyttast i songar og litteratur i barnehagane, jf. Ål kommune sin målbruksplan.
§ 17 POLITIATTEST	Dei som skal arbeide i barnehagane, må leggje fram tilfredsstillande politiattest. Attesten skal syne om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn, jf. Lov om barnehagar § 30 og Forskrift om politiattest i høve barnehagelova.
§ 18 TEIEPLIKT	Alle som arbeider i barnehagane har teieplikt etter forvaltningslova § 13. Dette gjeld også vikarar, lærlingar, studentar eller andre som er tilstades i barnehagen, jf. Lov om barnehagar § 44.
§ 19 OPPLYSNINGS- PLIKT	Alle som arbeider i barnehage skal vere merksam på tilhøve som kan føre til tiltak frå sosialtenesta og barnevernstenesta. Dei tilsette har opplysningsplikt i høve til dette, jf. Lov om barnehagar §§ 45 og 46.
§ 20 HELSE- KONTROLL	Før eit barn byrjar i barnehage, skal det leggjast fram erklæring om helsa til barnet. Barnehagen sitt personale har plikt til å gjennomgå adekvat tuberkulosekontroll, jf. Lov om barnehagar § 50.
§ 21 INTERN- KONTROLL	Barnehagane er ein del av Ål kommune sitt internkontrollsystem. Kommunen kan føre tilsyn med kvar barnehage jf. Lov om barnehagar §53